

Retningslinjer for tilskot til skogsvegar 2015

Fastsett med vising til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Krav til veganlegget:

- Veganlegg med totalramme på byggjearbeid over 200 000 kr, skal konkurranseutsettast.
- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen. Denne skal leggest ved søknad om tilskot.

Vilkår:

- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging.
- Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.

Prioriteringsgrunnlag for tilskot:

- Skogsbilvegar blir prioriterte framfor traktorvegar.
- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller anna kommunalt prioritert vegplan.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløyningar.
- Løyning av flaskehalsar og positiv nytte/kost rundt tiltaket gir også prioritet.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfør på lang sikt
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar som elles vert vurdert likt.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-903 skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
- Standard på tilstøytande offentleg veg skal avklarast. Det vert ikkje løyvd tilskot til vegar som er knytt til vegar med så låg bereemne at tilskotsvegen ikkje kan nyttast til føremålet.
- Fylkesmannen handsamar søknadane. Søknadsfrist for første tildelingsrunde er 15. mars. Søknadsfrist for andre tildelingsrunde er 15. august. Etter dette vert det eventuelt fortløpande vurdering av innkomne søknader, dersom det er att midlar.
- Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot.
- Kommunen har ansvar for kontroll av at byggjearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadane, godkjenning av byggjearbeidet og sluttrekneskap.
- Kommunen skal følgje opp vilkår som er sett, og i samarbeid med fylkesmannen setje i verk naudsynte tiltak.

Tilskotssatsar:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller annan overordna kommunal prioritering kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg: 20-40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleie av hjelp til vegplanlegging/byggeleing– lik sats som tilskot til vegbygging.

Retningslinjer for tilskot til taubanedrift, o.a. i 2015

Fastsett med visning til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/ slepebanedrift.
- Tilrettelegging i bratt terreng med gravemaskin.
- Drift med lang driftsveglengde der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje skogsbilveg.
- Drift av glissen furuskog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna.

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravedrift ikkje kan gjennomførast.
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- Kommunen førehandsgodkjenner alle driftstilskot.
- Fylkesmannen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/ slepebanedrifter og driftstilskot over 20 000 kr.
- Vedtak om tilskot til taubane og drift skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kjem tidleg i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
 - Vilkår om foryngelse ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-916 skal nyttast.
- Prioriteringsfrist for taubanetilskot er 1. juni. Drifter innmeldt innen 1.juni prioriterast.
- Kommunen kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer.
- Fylkesmannen føretek utbetaling
- Fylkesmannen kan kontrollere at vilkåra er oppfylte
- Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.
- Ved avslutta drift kan 85 % av omsøkt beløp utbetales med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin. Utskrift av prd.fil leggest ved søknad.

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: 160 kr/m³
- Taubanedrift gran: 110 kr/m³
- Tilrettelegging i bratt terreng med gravemaskin: inntil 40 kr/m³ for ekstra volum som blir løyst ut
- Driftsveglengde over 1,5 km: 35 kr/m³
- Drift av glissen furuskog (<8 m³/daa) på høg bonitet (17 og høgare): 50 kr/m³

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.